



Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark

VI TILBYR UTLÅN AV

UTSTYRSKASSAR



PRAKTISK INFORMASJON TIL SKULAR OG BARNEHAGAR

SARA NONÅS LANGHELLE

NATURVEGLEIAR V/BESØKSENTER FOLGEFONNA NASJONALPARK

TLF | 93632292 |

E-POST | SARA.NONAS.LANGHELLE@KVINNHERAD.KOMMUNE.NO |

PRAKTISK INFORMASJON

TIL LÆRARAR, PEDAGOGAR OG ASSISTENTAR I ETNE, ULLENVANG OG KVINNHERAD!



BAKGRUNNSINFORMASJON OG PRAKTISK GJENNOMFØRING

Vi på Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark har utforma fem utstyrskassar med mål om at kassane kan vera ein ekstra ressurs i gjennomføringa av prosjekt tilknytt dei respektive tema. Undervisningsopplegget tilpassar de etter læreplan og eigne behov.

Vedlagt ligg informasjon om kvar utstyrskasse, mellom anna kva tema kassen dekkjer, og kva den inneheld. Det er òg tips til undervisninga, samt kva kopling ein kan trekkja mot læreplanen i ulike fag.

I tillegg kan de ta kontakt med naturvegleiar (Sara) for spørsmål, vegleiing eller kanskje de ynskjer besøk i samband med opplegget? Det er ikkje alltid ressursane strekk til, og då kan naturvegleiar ta del i planlegging eller gjennomføring av prosjektet. Det er i så fall gratis, akkurat som lån av utstyrskassane. De står elles fritt til å bruka kassane slik dykk ynskjer.

UTSTYRSKASSE 1 - PATTEDYR

MÅLGRUPPE:

Barnehage og grunnskule.

UNDERVISNINGSOPPLEGG

Kassen har utstyr som kan tilpassast den enkelte klasse. Undervisninga blir meir levande med fysiske eksempel. Ta gjerne med utstyret ut for å snakka om levestad, habitat og forvaltning av naturressursar (vilt).

Ser de forskjell på tenna til ein drøvtyggar og ein kjøttetar? Kva mat et hjorten og korleis ser spora ut?

LÆREPLANMÅL

Naturfag 2. klasse: Utforska eit naturområde i nærmiljøet og beskriva korleis organismar er tilpassa området, og kvarandre.


Naturfag 4. klasse: Utforska og samanlikne ulike dyre- og planteartars tilpassing til miljø og levestader, og drøfta kvifor nokre artar dør ut.

Naturfag 4. klasse: Delta i hausting og bruk av naturressursar, og drøfta korleis naturressursar kan brukast på ein berekraftig måte.

Naturfag 7. klasse: Gjera greie for betydinga av biologisk mangfold og gjennomføra tiltak for å ta vare på det biologiske mangfaldet i nærmiljøet.


INNHOLD I KASSEN

- Viltkamera - til observasjon.
- Skalle av rev og hjort - sjå på tenna!
- Skinn av hjort, rev og rådyr.
- Gevir av hjort og rådyr - ser du forskjell?
- Bilete av ung og vakse dyr.
- Bilete av ekskrement - sporteikn.
- Bilete av spor og sporteikn - korleis veit vi at det er ein hjort som har vore her?



UTSTYRSKASSE 2 - METEOROLOGI

MÅLING, OBSERVASJON OG REGISTRERING AV METEOROLOGISK DATA



INNHOLD I KASSEN

- Vindmålar (vindstyrke og vindretning).
- Vêrstasjon (barometer, hydrometer og termometer).
- Nedbørsmålar med stativ.
- Skjema til utfylling av observasjonar og målingar.
- Hjelpeark slik som skyatlas, vindskala og gjennomsnittstemperatur.

Læreplanmål

Naturfag etter 2. klasse: Planlegga og gjennomfôra undersøkingar av vêr og himmelfenomen og samanlikna målingar, observasjonar og vêreteikn gjennom året.

MÅLGRUPPE

2. kl. - 7 kl.

UNDERVISNINGSOPPLEGG

Utstyret er tilpassa læreplanmål i naturfag etter 2. klasse. Sjølve undervisningsopplegget kan utvidast og tilpassast. Vêrobservasjonar kan gjerne setjast inn i ein stôrre kontekst - korleis påverkar vêret Folgefonna?

Kva er gjennomsnitttemperaturen i vårt område, og kan vi sjå nokre endringar i temperaturen dei siste 100 - 50 - 10 åra?

UTSTYRSKASSE 3 - FUGL

MÅLGRUPPE:

Barnehage og grunnskule.

UNDERVISNINGSOPPLEGG:

Observasjon og registrering av fuglearter. Kan kombinerast med å snekre eigne fuglekassar, lage fuglemat eller tema om trekkfugl.

Visste du at li- og fjellrypa er nær trua? Og kva vil det sei at ulike artar hamnar på raudlista? Kvifor er det slik at nokre (trekk)fuglar kjem igjen år etter år?

LÆREPLANMÅL

Naturfag 2. klasse: Utforska eit naturområde i nærmiljøet og beskriva korleis organismar er tilpassa området, og kvarandre.

Naturfag 2. klasse: Oppleva naturen til ulike årstider, reflektera over korleis naturen er i endring, og kvifor året blir delt inn på ulike måtar i norsk og samisk tradisjon.

Naturfag 4. klasse: Utforska og samanlikne ulike dyre- og planteartars tilpassing til miljø og levestader, og drøfta kvifor nokre artar døyr ut.

Naturfag 7. klasse: Gjera greie for betydinga av biologisk mangfold og gjennomføra tiltak for ta vare på det biologiske mangfaldet i nærmiljøet.

INNHOLD I KASSEN

- Fuglematar med kamera – for å observera.
- Stor fuglematstasjon.
- Plakatar av fugl: Trekk- og vinterfuglar.
- Puslespel – for dei minste.
- Fuglekort – som i spelet ALIAS.
- Fuglebamsar – bamsar med rett fuglesong.
- Fugleatlas – vanlege fuglearter i nærmiljøet.



UTSTYRSKASSE 4 - FISK

MÅLING, OBSERVASJON, ARTSKUNNSKAP OG FOREDLING

MÅLGRUPPE:

Passar for alle.

UNDERVISNINGSOPPLEGG

Anten dykk er i nærleiken av fersk- eller saltvatn kan denne kassen vera aktuell.
For å setja innhaldet inn i ein større samanheng, bruk gjerne økosystemet som det berande elementet.
Fjorden og fiske - kva har det betydd for oss som veks opp i dag? Kva har fisken ete, og kva er eigentleg k-faktor?



INNHOLD I KASSEN

- Fiskevekt.
- Meterstokk/linjal – for å måle lengde.
- Tabell for å måle K-faktor.
- Sløyeknivar.
- Røykeovn med spon.
- "Bestemmelsesduk tang" og tangriver.
- Bakker – til oppbevaring og observasjon.
- Skriveunderlag - til feltarbeid.
- Kopioriginalar av blant anna; fisken sine sansar, anatomi og måleskjema.

LÆREPLANMÅL

Samfunnsfag 7. klasse: Utforska korleis menneska i fortida livnærte seg, og samtale om korleis sentrale endringar i livsgrunnlag og teknologi har påverka demografi, levekår og busetjingsmønstre.

Naturfag 2. klasse: Utforska eit naturområde i nærmiljøet og beskriva korleis nokre organismar er tilpassa området og kvarandre.

Naturfag 4. klasse: Utforska og samanlikne ulike dyre- og planteartars tilpassing til miljø og levestader og drøfta kvarfor nokre artar dør ut.

Naturfag 4. klasse: Delta i hausting og bruk av naturressursar, og drøfta korleis naturressursar kan brukast på ein berekraftig måte.

Kroppssøving 2. klasse: Øva på trygg ferdsel ved vatn og må kunne tilkalle hjelp.

UTSTYRSKASSE 5 - SMÅDÝR OG PLANTAR I SKOGEN

MÅLGRUPPE:

Mikroskop er kjekt for alle! Kanskje dykk vil fange småkryp og bestemme art? For korleis var det eigentleg - har edderkoppen seks eller åtte bein? Sjuandeklasse kan til dømes diskutera tap av biologisk mangfald - kva har sviknotten med sjokolade å gjera?

UNDERVISNINGSOPPLEGG

Biologisk mangfald er eit stort og viktig tema. Korleis kan vi best mogeleg ta vare på dei artane vi har? Kva skjer om villbiene forsvinn, og klarar du å skilje mellom blad frå «hasselnøtt-tre» og «lønn»?

LÆREPLANMÅL

Naturfag 2. klasse: Utforska eit naturområde i nærmiljøet og beskriva korleis organismar er tilpassa området og kvarandre.

Naturfag 4. klasse: Utforska og samanlikne ulike dyre- og planteartars tilpassing til miljø og levestader, og drøfta kvifor nokre artar dør ut.

Naturfag 7. klasse: Gjera greie for korleis organismar kan delast inn i hovudgrupper, og gje eksempel på ulike organismars særtrekk.

Naturfag 7. klasse: Gjera greie for betydinga av biologisk mangfald og gjennomføra tiltak for ta vare på det biologiske mangfaldet i nærmiljøet.

INNHOLD I KASSEN

- To store mikroskop.
- Samleboksar med forstørringsglas.
- Bestemmelsesduk - insekt og blad.
- Bestemmelsesnøkkel - insekt, blad & tre.
- Tau - ruteanalyse av skogbotn.
- Miniatlas, puslespel og "skogkoping".
- Plakatar av villbier, humler og maur.
- Kopioriginalar av oppgåveark; skogkoping, mose- og blad si oppbygging.



KLAR FOR Å KOME I GANG?

Dersom de treng hjelp med å koma i gang eller ynskjer tips til undervisninga - ikkje nøl med å ta kontakt! Det er òg mogeleg å få besøk av naturvegleiar i samband med utstyrskassane. Anten i forkant eller undervegs i prosjektet.

Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark har i tillegg ein stor lavvo, med mogelegeheit for uteundervisning.



Kontaktinformasjon

For meir informasjon og tinging av utstyrskassane, ta kontakt med følgjande kontaktpersonar. Ver merksam på at kassane kan vera utlånt til andre barnehagar og skuleklassar.

Ullensvang

- | Marit Langås - rådgjevar skule
- | Wenche Jordal - rådgjevar barnehage
- | Vibeke Lynghammer - rådgjevar oppvekst

Etne

- | Meir informasjon kjem.

Kvinnherad

- | Sara Nonås Langhelle
- | 93632292|
- | sara.nonas.langhelle@kvinnherad.kommune.no

Takk!

Til nasjonalparkforvaltarane i Folgefonna nasjonalpark, for søknad om midlar til prosjektet.

Til Miljødirektoratet for å innvilga tiltaksmidlar, slik at utsyrskassane kunne realiserast.

Til sist, takk til tidlegare naturvegleiar, Hans-Bertin Hjortland for planlegging og gjennomføring.



**Besøkssenter
Folgefonna nasjonalpark**